



## Rekneskapsrapport pr. mars 2022

Saksbehandlar:  
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:  
210

Arkivsaksnr.:  
22/2662

JournalpostID:  
22/27771

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b> Bjørnafjorden formannskap	<b>Dato:</b>
----------------	--	--------------

### Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr. mars 2022 til orientering.

Bjørnafjorden, den 27.04.2022

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

## Samandrag:

Alle sektorane meldar om meirforbruk i 2022. Årsakene kan grovt delast i to: høge utgifter til korona-relatert frávær og meirarbeid, (ref. og sentral avtale om auka bruk av overtid og dobbel betaling for å sikre tilstrekkeleg med personell) og generelle utfordringar med å tilpasse drifta til dei reduserte budsjetta for 2022. Pr mars er det registrert korona-relaterte utgifter på ca. 19,8 mill. kr. Vi har så langt ikkje fått signal om at staten vil bidra med korona kompensasjon i 2022. Dersom det ikkje skjer, ser prognosene for 2022 svært dårlege ut. Det blir jobba kontinuerleg med tiltak for å redusere utgiftsnivået, men det blir stadig meir krevjande å finne innsparingstiltak. Høg inflasjon vil gi auka utgifter til kjøp av varer og tenester, og vil medverke til at årets lønsoppgjer blir dyrare enn forutsett. Lyspunkta er bra driv i skatteinntektene og eit velfylt (pensjons)premiefond.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

### Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon om kommunen sin økonomiske situasjon.

### Klima:

Saka har ikkje innverknad på klima eller miljø.

### Folkehelse:

Saka har ikkje innverknad på folkehelsa.

## Saksframlegg:

<b>Samlerapport drift 2022 - Mars</b>						
	<b>Rekneskap 2021</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Forbruk %</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Forbruk %</b>
<b>Frie inntekter</b>	(309 815 383)	(1 173 946 000)	26 %	(458 249 137)	(1 595 409 000)	29 %
<b>Finans</b>	28 739 358	221 284 110	13 %	57 497 325	103 354 000	56 %
<b>Fellesområde</b>	13 789 910	(24 419 410)	-56 %	11 412 310	44 138 000	26 %
<b>Stab</b>	27 570 582	78 472 848	35 %	18 555 635	54 776 000	34 %
<b>Oppvekst</b>	228 812 624	685 450 101	33 %	237 574 403	697 780 000	34 %
<b>Helse og Velferd</b>	50 916 676	125 671 027	41 %	211 458 051	616 642 000	34 %
<b>Samfunnsutvikling</b>	28 575 928	87 487 325	33 %	36 790 360	78 719 000	47 %
<b>Sum</b>	<b>68 589 695</b>	<b>-</b>		<b>115 038 946</b>	<b>-</b>	

### **Frie inntekter**

Prognose: Det er framleis godt driv i skatteinntektene sjølv om nye fordelingstal for 2022 har redusert tala kraftig. Dersom skatteprognosen for landet blir heva i revidert nasjonalbudsjett, ligg det an til auka skatteinntekter for kommunen.

### Rammetilskot

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

I etterkant av vedtatt statsbudsjett har Stortinget løyvd midlar for å kompensere kommunane for auka sosialhjelpsutgifter som følgje av dei høge straumprisane. For Bjørnafjorden kommune utgjer dette kr 1.041.000. Stortinget har og løyvd midlar til koronavaksinerings i kommunane og forlenging av kvalifiseringsprogrammet som ein del av økonomiske tiltak i møte med pandemien. Desse løyvingane utgjer for oss hhv. kr 3.272.000 og kr 38.000. Kommunestyret må i 1. tertialrapport 2022 vurdere om midlane skal overførast til sektor Helse og velferd. Vi har så langt ikkje fått melding om at det er løyvd øvrige midlar til korona pandemien i år.

### Skatteinntekter

Det er i mars kome nye fordelingsnøklar mellom skattekreditorane (kommunane, fylkeskommunane og staten) og skattetala så langt i år er omrekna med nye nøklar/fordelingstal. Nye fordelingsnøklar for 2022 er lågare for kommunesektoren (og høgare for staten), og skatteinngangen i mars 2022 er negativ i forhold til mars 2021. Samla pr 1. kvartal 2022 er det likevel ein skattevekst. I kommunen er veksten 7,3%, for kommunesektoren samla er veksten 8,9%.

### Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter omfattar integreringstilskot for flyktningar, midlar frå Havbruksfond og rentekompensasjon frå Husbanken. Det er førebels ikkje kome inn inntekter på noko av dette enno. Integreringstilskotet er budsjettert i forhold til ordinært mottak av flyktningar. Vi reknar med at det vil kome ekstra overføringar i samband med flyktningane frå Ukraina. Midlar frå Havbruksfondet kjem normalt til hausten medan rentekompensasjonen ikkje kjem før i desember. Av desse er det mest spenning knytt til Havbruksfondet, som frå 2022 vil utdele midlar etter nytt fordelingsgrunnlag. I budsjettet for 2022 er det lagt til grunn ein inntekt på 8 mill. kr frå Havbruksfondet.

## **Finans**

Prognose: Finans kan få eit negativt avvik i 2022 knytt til langsiktig finansportefølje.

Rentenivået har stige kraftig så langt i 2022. Ved starten av året var 3 mnd nibor renta 0,98%, medan renta ved utgangen av mars var 1,32%. Styringsrenta blei heva frå 0,5% til 0,75% på Norges bank sitt rentemøte 24.03.2022. Så langt ser det likevel ut til at renteutgiftene vil halde seg innafor budsjett i 2022. Finansmarknaden har imidlertid hatt ein vanskeleg start på året, og pr mars er finansporteføljen negativ med 7,3 mill. kr, tilsvarande – 4,4%.

Forbruksprosenten pr. mars er høg fordi Finans også omfattar Interne finansieringstransaksjonar, der det m.a. er budsjettert med inntekt frå bruk av bunde fond på 85 mill. kr.

## **Fellesområde**

Prognose: Fellesområde har risiko for meirutgifter knytt til årets lønsoppgjer, men det ser ut til at inntekter frå premiefondet i KLP blir vesentleg høgare enn budsjettert.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Folkevalde organ ser grei ut pr. mars, men talet på møter framover vil avgjere om budsjettet held. For Fellesutgifter er det utgiftene til årets lønsoppgjer som er mest spennande. Eit høgt lønsoppgjer vil og medføre høgare reguleringspremie til pensjon. Når det gjeld Pensjon er det i år budsjettert med kr 7.960.000 frå premiefond pensjon og kr 10.000.000 i effekt vedr konkurranseutsetting pensjon, t.d. bruk av bufferfond. KLP har varsla om at dei hadde eit svært godt resultat for 2021, og at det vil bli overført store beløp til kommunane sine

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

premiefond. Premiefond kan nyttast til å betale framtidige pensjonsutgifter. Beløpet for Bjørnafjorden kommune vil først bli endeleg avklart i samband med flytteoppgjeret til Storebrand, men prognoser vi har fått tilseier at det ikkje er nødvendig å bruke av bufferkapitalen i 2022 for å oppfylle budsjettet.

## **Stab**

Prognose: Stab kan få eit meirforbruk på ca. 2,5 mill. kr i 2022

Mesteparten av det venta meirforbruket gjeld innsparingskrav på 1,5 mill. kr knytt til kommunale innkjøp. Kravet gjeld heile kommunen, men er ført på Stab. Kommunen har i dag innkjøpsavtaler på dei fleste områda, og nye konkurransar medfører som regel ikkje i lavere priser enn før, (ofte tvert i mot) sjølv om prisane sannsynlegvis er lavere enn om vi ikkje hadde brukt konkurranse som virkemiddel.

Dei fleste nedbemanningstiltaka er no avklart og vil få effekt ut over året. Fleire av tiltaka vil likevel ikkje få heilårseffekt i år. I 2022 vil det og bli kostnader knytt til tiltaka i form av sluttpakkar. Ein vil såleis ikkje klare å oppnå heile innsparingskravet for 2022.

## **Oppvekst**

Prognose: Oppvekst kan få eit meirforbruk på 23 mill. kr i 2022.

Det største avviket er relatert til skulane som kan få eit meirforbruk på ca. 13 mill. kr. Mykje av avviket er relatert til Covid 19. Dette er knytt til høgt fråvær og vikarutgifter samt utbetaling som følgje av inngått nasjonal korona-avtale. For oppvekst er denne summen hittil i år ca. 6,2 millionar. Av sikkerhetsomsyn må datautstyr til elevar skiftas ut (chromebooks,), dette utgjør 4,5 mill. kr, men det er berre sett av 0,5 mill. kr i budsjettet. Frå hausten vil elevtalet gå litt ned noko som vil kunne gi innsparingar, men lite optimale klassedelingstal og mange søknader om topp-ressurs (elevar med store hjelpebehov) drar i motsett retning.

Familiens hus kan få eit meirforbruk på ca. 5 mill. kr. Avviket er knytt til barnevernet sitt tiltaksbudsjett. Oppvekstreforma vrir aktiviteten i auka satsing på førebygging, samtidig som eksisterande tiltak held fram. I øvrige tenester i Familens hus (Førebyggande helstetenester og Barn, unge og familier er det god kontroll på økonomien.

Barnehagane har ein nedgang i barnetalet og har ikkje hatt like store meirutgifter til sjukevikar i samband med korona som i skulane, ettersom det i barnehagane har vore råd å redusere talet på vaksne når mange barnehagebarn har vore sjuke samtidig. Vi ventar såleis at barnehageområdet driftar i balanse og/eller kan bidra til å redusere meirforbruket i andre delar i sektoren.

Oppvekst har per i dag eit innsparingskrav på nærare 6 mill. kr (prosjekt B22 og manglande priskompensasjon) som sektoren ikkje har funne konkrete tiltak for. Stramme budsjett gjer det krevjande å finne nye innsparingstiltak, men det vert arbeidd kontinuerleg for å finne ytterlegare nedtrekk.

## **Helse og velferd**

Prognose: Helse og velferd kan få eit meirforbruk på 46 mill. kr i 2022.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Det største avviket er relatert til pleie- og omsorg som aleine kan få eit meirforbruk på 27 mill. kr. Tenesta har hatt eit svært høgt korona-relatert frávær og samstundes som Koronaavtalen har vore til god hjelp for å mobilisera arbeidskraft, har den og vore kostbar. Pr. mars er det registrert korona-relaterte utgifter på 13,3 mill. kr i sektoren. Som tidlegare gjer brukargrupper med komplekse sjukdomsbilete situasjonen krevjande både med omsyn til bemanning/kompetanse og økonomi. Rekruttering er framleis også ei utfordring, og Luranetnet er som følgje av dette framleis avhengig av bistand frå vikarbyrå for forsvarleg drift. Organisatoriske endringar og ulike innovasjonsprosjekt er under planlegging og vil ha som del-mål å redusere utgiftene.

Avdeling for forvaltning og koordinering meldar om mogleg negativt avvik på ca. 4,5 mill. kr. Dette er i hovudsak knytt til auka behov for Brukarstyrt Personleg Assistanse (BPA) og støttekontaktar, som er eit av dei første tiltaka i «omsorgstrappa» som blir nytta både som individuell teneste og avlastningstiltak.

Legevakt og legetenester slit med rekrutteringsutfordringar også i år, spesielt gjeld dette i Eikelandsosen der fleire av fastlege heimlane står ledige. Legar som inngår i legevaktordninga har høg belastning og manglar medisinsk-fagleg hjelp. Kommunestyret gjorde 31.03.2022 vedtak om å innføre ordning med oppbemanna legevakt med kjernetid i Eikelandsosen for å betre det akuttmedisinske tilbodet. Prognose tyder på eit meirforbruk på ca. 12 mill. kr i år.

Stadig auke i barn som treng avlastning gjer at eining Tilrettelagte tenester for barn og unge kan få eit meirforbruk på ca. 2,5 mill. kr i år, medan Tilrettelagte tenester for vaksne så langt ser ut til å halde budsjettet. Det same gjeld for Helsefremming og rehabilitering, psykisk helse og rus og NAV.

## **Samfunnsutvikling**

Prognose: Samfunnsutvikling kan få eit meirforbruk på ca. 2,9 mill. kr i 2022.

Vintervedlikehaldet ser ut å bli ei stor utfordring også i år, og det er varsla eit meirforbruk på ca. 2 mill. kr.

Brannvesenet meldar om meirutgifter på ca. 3 mill. kr, som relaterer seg til utrykkingar og oppgradering av ny 110-sentral.

Den posten som isolert sett vil få størst «sprekk» er straumutgiftene i kommunale bygg, som ser ut til å bli ca. 6 mill. kr høgare enn budsjettet, avhengig av prisutviklinga framover. Generell prisauke på byggrelaterte utgifter gjer at vedlikehaldsbudsjettet blir indirekte redusert. Sektoren vil arbeide med tiltak for å redusere meirutgiftene. Vidare vil vedlikehaldsfond og sal av konsesjonskraft bidra til å balansere driftsøkonomien ut året.

Bjørnafjorden, den 27.04.2022  
Ingrid Karin Kaalaas  
Økonomisjef